



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 19.11.2014
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 17:00 - 19:20

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv d. 11.11.14 og møtet var kunngjort i pressa 05.11.14.

Ved opprop var 26 av 27 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.
Silje Ingelin Sæterstøl hadde meldt forfall og ved ein feil vart det ikkje kalla inn vara.

Mabel Johansen og Erling Rønnestad gjekk frå som ugild ved handsaming av sak 69.

Av 26 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 64 – 68 og 70 – 73.
Av 26 medlemmer var 24 til stades ved handsaming av sak 69.

Kommunestyret starta med spørjetime.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 17:25 - 17:35.

Kommunestyret arbeidde i grupper frå kl. 17:45 - 18:30.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Atle Håtuft	FrP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Elna H Bjørndal	H	Medlem
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Ragnar Bratland	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem

Kåre Skibenes	KRF	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Grethe W Sjøiland Sæthre	AP	Varamedlem
Ture Andersen	Uavh	Varamedlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem
Arnold Tveit	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Larsen	AP
Magne Rifsgård	SP
Per Kristian Holmetun	SP
Silje Ingelin Sæterstøl	V
Ørjan Kristiansen	FrP
Øystein Berland Blom	H

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam.

Protokollfører: Randi Hilland

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
64/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
65/2014	Godkjenning av møtebok
66/2014	Referatsaker
67/2014	Samarbeidsavtale om ungdomsstraff og oppfølging i konfliktråd
68/2014	Prioritering av søknadar om spelemidler i Meland kommune - 2015
69/2014	Søknad om spelemidler 2015 - Nærmiljøanlegg - Rehabilitering av ballbinge i Frekhaugmarka - 1256000501
70/2014	Ny tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne
71/2014	Overføring aksjer i Sambandet Vest AS frå Meland kommune til Nordhordland Utviklingselskap AS
72/2014	Kommunestruktur
73/2014	Interpellasjon - Nordhordlandspakken

64/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

Det låg føre interpellasjon frå Meland FrP – kommunestyregruppe v/gruppeleiar Sigmund Larsen som ordførar vil svare på etter handaming av sak 71.

KS - 64/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

65/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 15.10.14 vert godkjent.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 65/2014 VEDTAK:

Møtebok frå møte 15.10.14 vert godkjent.

66/2014: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 66/2014 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

67/2014: Samarbeidsavtale om ungdomsstraff og oppfølging i konfliktråd

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd. Rådmannen får i oppdrag å peike ut kommunens representant.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 67/2014 VEDTAK:

Meland kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd. Rådmannen får i oppdrag å peike ut kommunens representant.

68/2014: Prioritering av søknadar om spelemidlar i Meland kommune - 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidlar 2015 slik den ligg føre i vurderinga.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Øyvind Oddekalv (AP) var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.

ULK - 51/2014 VEDTAK:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidler 2015 slik den ligg føre i vurderinga.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 68/2014 VEDTAK:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidler 2015 slik den ligg føre i vurderinga.

69/2014: Søknad om spelemidler 2015 - Nærmiljøanlegg - Rehabilitering av ballbinge i Frekhaugmarka - 1256000501

Rådmannen sitt framlegg:

Søknad om spelemidler kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Erling Rønnestad (Krf) vart permittert før handsaming av denne saka.

Mabel Johansen (H) melde seg inhabil og var ikkje med på vedtak.

ULK - 52/2014 VEDTAK:

Søknad om spelemidler kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

Mabel Johansen og Erling Rønnestad gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

KS - 69/2014 VEDTAK:

Søknad om spelemidler kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på

Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.

70/2014: Ny tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner ny «Tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne» slik den ligg føre.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 53/2014 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner ny «Tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne» slik den ligg føre.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 70/2014 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner ny «Tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne» slik den ligg føre.

71/2014: Overføring aksjer i Sambandet Vest AS frå Meland kommune til Nordhordland Utviklingsselskap AS

Rådmannen sitt framlegg:

1. Meland kommune godkjenner at 12 av aksjane som kommunen eig i Sambandet Vest AS vert overdratt til Nordhordland Utviklingsselskap AS i samsvar med vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest 24. juni 2014. Kommunen er etter dette eigar av 12 aksjar i Sambandet Vest AS. Oppgjer for aksjane, kr 120.000,- vert å motrekne same beløp som Nordhordland Utviklingsselskap AS har forskotsbetalt for aksjane som kommunen erverva i 2013.

2. Kommunen betalar inn rest aksjekapital kr 120.000,- til Sambandet Vest ihht. budsjett for 2014.

15.10.2014 FORMANNSKAPET

FS - 81/2014 VEDTAK:

1. Meland kommune godkjenner at 12 av aksjane som kommunen eig i Sambandet Vest AS vert overdratt til Nordhordland Utviklingsselskap AS i samsvar med vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest 24. juni 2014. Kommunen er etter dette eigar av 12 aksjar i Sambandet Vest AS. Oppgjer for aksjane, kr 120.000,- vert å motrekne same beløp som Nordhordland Utviklingsselskap AS har forskotsbetalt for aksjane som kommunen erverva i 2013.
2. Kommunen betalar inn rest aksjekapital kr 120.000,- til Sambandet Vest ihht. budsjett for 2014.

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 71/2014 VEDTAK:

1. Meland kommune godkjenner at 12 av aksjane som kommunen eig i Sambandet Vest AS vert overdratt til Nordhordland Utviklingsselskap AS i samsvar med vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest 24. juni 2014. Kommunen er etter dette eigar av 12 aksjar i Sambandet Vest AS. Oppgjer for aksjane, kr 120.000,- vert å motrekne same beløp som Nordhordland Utviklingsselskap AS har forskotsbetalt for aksjane som kommunen erverva i 2013.
2. Kommunen betalar inn rest aksjekapital kr 120.000,- til Sambandet Vest ihht. budsjett for 2014.

72/2014: Kommunestruktur

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

Spørsmål til debatt:

1. Kva ønskjer vi å oppnå ved kommunesamanslåing, og korleis sikre dette.
2. Kva er dei største utfordringane ved ei kommunesamanslåing og korleis handere denne?
3. Kva kommunar er det naturleg å gå i samtalar med?

4. Korleis sikre ein best mogeleg prosess/innbyggjarinvolvering fram til endeleg vedtak?

Kommunestyret arbeidde i grupper. Kvar gruppe presenterte sine gruppearbeid.

73/2014: Interpellasjon - Nordhordlandspakken

Interpellasjon - Meland Kommunestyre 2014-11-19

Interpellasjonen - beslutning om utbyggingsaktiviteter relatert til bompengvedtak.

I kommunestyret den 15.10.2014 ble det fremmet sak 56/2014 Nordhordlandspakken – søknad om løyve til delvis bompengefinansiering.

En kan lese av møteboka fra kommunestyremøte at Meland kommunestyre valgte og støtte en delvis bompengefinansiering med noen tilleggs punkt.

I forberedelsen til saken er det lagt frem forslag til hvilke tiltak som skal finansieres av bompenger og gjennomføres i Meland kommune, i tillegg ble det i kommunestyret 15.10.2014 fremmet tilleggs punkt om utbygging/utbedring av veien fra Fløksand (Brakstadkrysset) til Vikebø.

Tiltak som nevnt i saksforberedelsen er:

Vei	Prosjektnavn	Kostnad (1000)
Fv. 245	Fosse - Moldekleiv	78
Fv. 564	Frekhaug-Krysset	15
Fv 565	Fossekrysset - Trafikksikring	10
E 39	Kollektivtiltak	100/3=33,33
Fv. 564	Sandskaret-Holme	74
Fv. 564 (ikke med i forberedelsen til saken)	Fløksand - Vikebø	100
		310,33

FrP sin kommunestyre gruppe ønsker å få belyst følgende:

1. Hvem har valgt ut og eventuelt når ble det besluttet hvilke prosjekter i Meland kommune som skal inngå i Nordhordlandspakken?
2. Hvis ikke kommunestyret i Meland Kommune har gjort et vedtak på hvilke aktiviteter/prosjekter som skal inngå i Nordhordlandspakken, er da vedtaket fra kommunestyret den 15 oktober 2014 gyldig?
3. I hvilken rekkefølge skal prosjektene prioriteres?
4. Vil Ordfører invitere til en diskusjon eller eventuelt fremme en egen sak som inneholder ovenfor spørsmål?

Frekhaug 2014-11-12
Meland FrP – Kommunestyregruppe
v/gruppeleder
Sigmund Larsen

19.11.2014 KOMMUNESTYRET

Svar på interpellasjon frå representanten Sigmund Larsen (FrP) i Meland kommunestyre 19.11.2014

Representanten Larsen har stilt fire spørsmål knytt til Nordhordlandspakken. Eg vil svara på dei punkt for punkt.

Så til dei konkrete spørsmåla:

1. «Kven har vald ut prosjekt i Meland som skulle inngå i Nordhordlandspakken?».

Nordhordlandspakken har hatt ei arbeidsgruppe med representantar m.a. frå Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og konsulent Helge Hopen.

Desse har i vurderinga av prosjekt lagt stor vekt på innspel frå den einskilde kommune, og innspel i denne samanheng er kommunale planar, vedtatt i kommunestyret.

Dei prosjekta som ligg inne i pakken i Meland er forankra i planar, i hovudsak i to planar – begge vedtatt av Meland kommunestyre.

I 2007 vedtok Meland kommunestyre «Trafikksikringsplan for perioden 2007 – 2010». Denne blei revidert, og Meland kommunestyre vedtok i møte 12. september 2012 «Tiltaksplan trafikksikring 2012 – 2016».

Og – så vil eg streke under følgjande.

Dei prosjekta i Meland som ligg i Nordhordlandspakken er fylkesvegprosjekt. Når fylkeskommunen og Statens vegvesen vurderer prosjekt i Meland har ein sjølv sagt med seg kva kommunen har vedtatt i sine planar.

For å synleggjere det vil eg kommentere prosjekt for prosjekt:

- FV 245 Fosse-Moldekleiv: Dette prosjektet er prioritert i trafikksikringsplanen, som altså er vedtatt i Meland kommunestyre, og kommunen har også vedtatt reguleringsplan for prosjektet.
- FV 564 Frekhaug krysset: Dette prosjektet er lagt inn i områdeplanen for Frekhaug – vedtatt av Meland kommunestyre.
- FV 564 Fossekrysset – Trafikksikring: Dette prosjektet er prioritert trafikksikringsplanen i Meland, som altså er vedtatt av Meland kommunestyre.
- FV 564 Sandskaret – Holme: I trafikksikringsplanen, vedtatt av Meland kommunestyre, - er det langt inn gang – og sykkelsti heilt frå Sandskaret til Vikebø.
- Kollektivterminal Flatøy. I tråd med kommunale vedtak og uttaler gjennom fleire år.

- Når det gjeld det siste prosjektet som kommunestyret sjølv la inn, Fløksand – Vikebø, er det også i stor grad i samsvar med trafikksikringsplanen, der ein fokuserer både på trong for å gjere tiltak i Fløksandbakken og å etablere gang- og sykkelsti heilt frå Sandskaret til Vikebø.

Dette viser at prosjekta som ligg i Nordhordlandspakken på ingen måte er tilfeldige prosjekt, men at ein byggjer på planar, vedtatt av denne forsamling – altså kommunestyret. Dette viser også at det er viktig å ha gode planverktøy, slik at viktige prosjekt blir sett på dagsorden og realisert.

Så til spørsmål 2.

Eg har i svar på spørsmål 1 vist til at prosjekta i Meland som ligg i Nordhordlandspakken er forankra i kommunale planar vedtatt av Meland kommunestyre. Fleirtalet i kommunestyret slutta 15. oktober seg til prosjekta i Nordhordlandspakken, og la i tillegg inn eit nytt prosjekt i Meland, nemleg Fløksand – Vikebø.

Det er ingen grunn til hevde at vedtaket i Meland kommunestyre av 15. oktober ikkje er gyldig.

Til spørsmål 3:

Prioriteringane i Nordhordlandspakken bør vere kjent. Prioriteringslista var vedlagt saka kommunestyret handsama 15. oktober. (Det kjem fram på side 20 i presentasjonen av Nordhordlandspakken).

Prosjektet Fosse – Moldekleiv er til dømes prioritert som prosjekt nr 2 i Nordhordlandspakken.

Det blant anna fordi det her er vedtatt reguleringsplan for prosjektet, og arbeidet kan starta ganske hurtig etter at pakken er endeleg vedtatt i Stortinget.

Til spørsmål 4:

Det kommunestyret hadde til handsaming 15. oktober var høyringssak om Nordhordlandspakken.

Kommunestyret har gjort sitt vedtak i høyringssaka der også prosjekta var omtalt.

Men – eg utelukkar ikkje at det kan bli ein ny runde på Nordhordlandspakken i kommunestyret grunna sprikande vedtak i fleire kommunar. Det vil vi eventuelt koma tilbake til dersom det skulle bli ein realitet.

Frekhaug 19.11.2014

Nils Marton Aadland
Ordfører